



# VINJE

«mottakernavn»  
«ADRESSE»  
«POSTNR» «POSTSTED»  
«KONTAKT»

Dato: 29.04.2025  
Vår referanse: 2024/3600-5  
Sakshandsamar: Knut Martin Edland

## Møtereferat

### Møtereferat etter fellesmøte med alle løypekøyrarar i Vinje

|                    |                                                                                                                                                                                                                                                                                                  |
|--------------------|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| <b>Møtestad:</b>   | <b>Vinje kommunehus, glassrommet</b>                                                                                                                                                                                                                                                             |
| <b>Møtedato:</b>   | <b>29.04.2025 kl 1200</b>                                                                                                                                                                                                                                                                        |
| <b>Deltakarar:</b> | <b>Kjetil Solstad, Ånund Vaa, Jan Hallgeir Landsverk på teams.<br/>Nils Vågslid, Stein Birger Johnsen, Øystein Høgetveit, Gro Helen Tviekkja,<br/>Bjørnar Neset, Jan Stian Bjåen, Knut Rosenkar Garnes fysisk.<br/>Knut Martin Edland, Aud Irene Kittelsen og Kjell Christenson frå Kommunen</b> |
| <b>Ikkje møtt:</b> |                                                                                                                                                                                                                                                                                                  |

| <b>Tema/konklusjon</b>                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                     | <b>Ansvar</b> |
|------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|---------------|
| <p>Knut Martin, innleia møte om kva ein ynskje med dette møtet. Det er bl.a. fordi formannskapet ynskje noko meir info rundt behovet m.m. før dei løyvde noko til både investering hjå løypelag, samt omsøkt auke frå skuterklubbane. Det blei samstundes presisert at det ikkje var negtvt frå politisk hald, men det var ynskje om meir informasjon.</p> <p>Følgjande spørsmål vart stillt:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Er det mogleg å få til eit samarbeid og synergjar mellom dei som preppar skiløypene og skuterløypene?</li><li>• Er det mogleg å få laga ei tidslinje i høve til dei relativt store investeringane det er rundt preppemaskinar?</li></ul> <p>Det vart ein kjempegod dialog og drøfting av moglegheitene, noko som resulterte i at dei ulike skuterklubbane skulle ta kontakt med dei naturlege løypekøyrarane i dei ulike områda, for å sjå om det var rå å få til smart samarbeid rundt prepping av løypene.</p> |               |

|                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                              |  |
|----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|--|
| <p>Det vart og avklara at tanken rundt ei tidslinje var ok, men då både løypelaget i Vinje (Bøgrend) og IL Rein, har maskinar som no kostar som mykje at det er naudsynt med eit skifte. Vinje IL, kunne vente då dei heller ikkje hadde sendt søknad om støtte. Det vart og avklara at dei trong ein eingongs støtte og ikkje bakt inn i km oppgjeret.</p> <p>Rauland Turist og Vågslid grunneigarlag, er på ein litt annan måte og difor vil måtte sjåast på litt anleis. Dette var dei samde om.</p> <p>Skuterklubbane, skulle sende ein rapport/skriv om at dei har fått eit resultat etter å hatt samtale med aktuelle løypekøyrarar innan månadsskiftet mai/juni 2025, slik at ein kan nytte dette inn i saka som truleg handsamast 24. juni.</p> <p>Det vil og avklare mykje for dei som no har søkt om investeringsstøtte. Ein freistar å få opp desse søknadane og den 24.juni.</p> |  |
|                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                              |  |

Med helsing

Knut Martin Edland  
*kommunalsjef*

Mottakarar:

KJETIL SOLSTAD  
ÅNUND VAA  
STEIN BIRGER JOHNSEN  
NILS VÅGSLID  
BJØRNAR NESET  
INGRID SUDBØ TVEITO  
JAN STIAN BJÅEN  
KNUT ROSENKAR GARNES  
JAN HALLGEIR LANDSVERK  
ASLAK KROSSBAKKEN  
ØYSTEIN HØGETVEIT  
GRO HELEN TVITEKKJA

Kopi til:

Kjell Christenson  
Aud Irene Kittelsen

